



Etne Kommune

Generalentreprise for tilbygg Enge Naturbarnehage



Open tilbodskonkurranse
etter del I og II i forskrifta

| | | |
|-----|--|----|
| 1 | GENERELL SKILDING | 3 |
| 1.1 | Om oppdragsgivar | 3 |
| 1.2 | Skilding av oppdragsgivar sine behov | 3 |
| 1.3 | Anskaffinga si estimerte verdi | 3 |
| 1.4 | Framdrift | 3 |
| 2 | REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN | 4 |
| 2.1 | Innhald i Konkurransgrunnlaget | 4 |
| 2.2 | Anskaffingsprosedyre | 5 |
| 2.3 | Konkurransgjennomføringsverktøy | 5 |
| 2.4 | Offentlegheit og teieplikt | 5 |
| 2.5 | Vedståingsfrist | 5 |
| 2.6 | Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar | 6 |
| 3 | KVALIFIKASJONSKRAV | 6 |
| 3.1 | Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling | 6 |
| 3.2 | Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet | 7 |
| 3.3 | Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren | 8 |
| 4 | TILDELINGSKRITERIUM | 9 |
| 5 | Krav til tilbodet | 9 |
| 5.1 | Innlevering av tilbod | 9 |
| 5.2 | Språkkrav | 9 |
| 5.3 | Offentleglova | 9 |
| 5.4 | Kostnader | 9 |
| 5.5 | Avvik og atterhald | 9 |
| 5.6 | Alternative tilbod eller deltilbod | 10 |
| 5.7 | Utforminga av tilbodet | 10 |

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivar for anskaffinga er Etne kommune. Kommunen ligg sør i Hordaland Fylke

Kontaktperson hos oppdragsgivar er:

| | |
|--------|----------------------------------|
| Namn: | Beate Tandrevold |
| e-post | Beate.tandrevold@etne.kommune.no |

Eventuelle spørsmål skal stilast i kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov

Arealet som skal byggjast om er Naturavdelinga sin innebase. Årsaka til ombygginga er at avdelinga pr. i dag består av eit stort rom utan muligheit til å dele gruppa i mindre grupper. Dette har vore ein stor utfordring i forhold til lyd. Lydnivået har til tider vore svært høgt noko som både personalet og barna har merka svært godt. Hensikten med ombygginga er å få dele arealet i fleire rom og utnytte høgda på rommet ved å byggje hems over meir enn det som det alt er hems over pr. i dag. Det er viktig at romma har muligheit for innsyn slik at personalet kan sjå inn sjølv om dei ikkje er fysisk i rommet. Kjøkkenet skal også byggjast om slik at det kan nyttast som eit pedagogisk rom der barna kan ta del i matlaginga og eit rettare ergonomisk rom for personalet (t.d. plassering av oppvaskmaskin i forhold til skap) Inngangen til Naturen er pr. i dag same inngang som vert nytta til administrativ del og pauserom. Den skal nå skiljast slik at barna på Naturavdelinga har sin eigen inngang med grov- og fin garderobe og inngangen til personale er for seg sjølv. Målet er å få ein meir funksjonell avdeling i forhold til romløysing og lyd.

Sjå vedlegg til konkurransegrunnlaget for beskrivelse av oppdraget, samt kontraktskrav, med seriøsitetskrav som gjeld for oppdraget.

1.3 Anskaffinga si estimerte verdi

Etne kommunen har estimert anskaffinga til ein verdi rundt 2 millionar kr eks mva.

1.4 Framdrift

1.4.1 Framdrift i konkurransefasen

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|------------------------------|
| <i>Kunngjøring</i> | <i>17 juni.2019</i> |
| Tilbodbefaring | 21 juni.2019 kl 10.00 |
| Frist for å levere tilbud | 15.juli.2019. kl 12.00 |
| Evaluering og eventuelt dialog | Veke 29 |
| Val av leverandør og kunngjøring til leverandørar | Veke 34 |
| Vedståingsfrist for tilbudet | 4 måneder etter tilbudsfrist |

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbudsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbudet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

Tilbydarar vert oppmoda om å stille eventuelle spørsmål til konkurransegrunnlaget i god tid før tilbodsfristen. Spørsmål skal stillast gjennom konkurranse gjennomføringsverktøyet.

1.4.2 Tilbodsberfaring

Det vil bli ein tilbodsberfaring før tildeling 21 juni. 2019 Oppmøte:10.00 Enge barnehage.

Spørsmål bes retta til oppdragsgjevar i konkurransegjennomføringsverktøyet.

1.4.3 Framdrift i kontraktfasen

Det er ein føresetnad for tildeling av oppdraget at leverandøren binder seg til ferdigstilling av arbeid innan **02.03.2020**

Etter avtaleinngåing skal entreprenøren i samråd med byggherre, sette opp ein detaljert framdriftsplan, som vil være bindande og dagmulktsbelagt for følgjande milepelar:

- Igangsetting på byggeplass Frist: 01.10.2019.
- Utarbeiding av framdriftsplan Frist: 21.10.2019
- Overlevering av utkast til FDV – Dokumentasjon: Frist: 14.02 2020
- Overtakingsdato: seinast 02.03.2020

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Innhald i Konkurransgrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet og følgjande vedlegg:

1. Grunnlagsdokument

- 1.1 Beskrivelse bygg
- 1.2 Beskrivelse elektro
- 1.3 Beskrivelse VVS
- 1.4 Brannkonsept
- 1.5 Notat akustikk

- 1.6 Administrative bestemmelser
- 1.7 Seriositetskrav
- 1.8 Spesielle kontraktsvilkår basert på NS 8406

2. Svardokumenter

- 2.1 Mal for eventuell forpliktelseserklæring
- 2.2 Tilbodsskjema
- 2.3 Skjema for nøkkelpersoners språkkompetanse

OBS – Tilbudet skal også inneholde utfylte beskrivelsesdokumenter, jf. vedlegg 1.1 – 1.3.

2.2 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgiver planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbudet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

2.3 Konkurransегjennomføringsverktøy

Konkurransen blir gjennomført digitalt med bruk av Merccell som konkurransegjennomføringsverktøy. Tilbydarar som ikkje allereie er brukerar må registrere seg på www.merccell.com

2.4 Offentlegheit og teieplikt

For å lmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.5 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbudet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. **Feil!**
Fann ikkje referansekjelda. ovanfor.

2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no.

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

Skriftleg førespurnad om tilleggsopplysningar skal merkjast med namnet på konkurransen og sendast til oppdragsgivar sin kontaktperson pr e-post.

2.7 Atterhald om godkjenningar og finansiering

Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å avlyse konkurransen eller forkaste tilbod dersom det føreligg saklig grunn, for eksempel ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande godkjenningar.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Sjå også pkt. 5.7.

3.1 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|--|---|
| Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. | <ul style="list-style-type: none">• Norske selskap: Firmaattest• Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. |

3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet. | <ul style="list-style-type: none">• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.• Oppdragsgjevar kan nytta seg av retten til å sjølv utføra ein kreditt vurdering. Finansiell styrke vurderes i forhold til omsetning, resultatgrad , soliditet og likviditet• Ved tvil om leverandøren oppfyll krava, vil oppdragsgjevar kunne krevje ytterligare dokumentasjon for den økonomiske kapasiteten. |

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som egna.

3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|--|--|
| Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast. | <p>Skildring av leverandøren sine inntil 5 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 7 åra. For kvart av oppdraga skal minimum følgjande oppløysningar gis:</p> <ul style="list-style-type: none">• Namn på prosjekt og oppdragsgjevar• Oppstartstidspunkt og ferdigstilling tidspunkt (eller anslått ferdigstillingstidspunkt)• Entreprisemodell og leverandørens rolle i prosjekt• Kort beskriving av oppdraget innhald og kompleksitet• Oppdragets verdi <ul style="list-style-type: none">• Entreprenører som ikkje oppfyll erfaringskrava men likevel meiner at de har ein tilsvarende verdifull erfaring og evne til å utføra oppdraget , kan også levera tilbod i konkurransen. Oppdragsgivar vil vurdere om selskapets erfaring eller erfaringa til tilknytte personell kan likestiltes med erfaring kravd ovanfor, men forbehold seg retten til å avvise slike leverandørar. Oppdragsgivar vil ikkje på forhand presisere kva erfaring som kan sjåast tilstrekkelig i så måte, men vil føreta ein skjønnsmessig vurdering av dette basert på innlevert dokumentasjon. Dette gjeld både for nystarta virksomheter og for etablerte virksomheter. Nystarta føretak som har bakgrunn i selskap som har relevant erfaring må redegjøre for dette, og eventuelt vise korleis erfaringa til andre selskaper er relevant for vurdering av tilbyderforetakets gjennomføringsevne. Det er viktig at tilbyderane redegjøre tydelig for dei forhold i tilbodet slik at oppdragsgjevar har grunnlag for å vurdere. |
| Krav | Dokumentasjonskrav |
| Leverandøren skal tilby en prosjektleder for oppdraget (reell og operativ leder frå kontrahering til levering) som har erfaring frå relevante oppdrag. | <ul style="list-style-type: none">• CV for leverandørens prosjektleder. |

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen.

| | |
|--|--------------------------|
| Vurderingstema: | Krav til dokumentasjon: |
| Under dette kriteriet blir tilbydd pris vurdert. | Ferdig utfylt prisskjema |

5 Krav til tilbodet

5.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via <https://www.mercell.com/>

5.2 Språkkrav

Samtlege dokument og anna kommunikasjon knytt til søknad om prekvalifisering og tilbod skal vera på norsk.

Det er gjort merksam på at norsk er prosjektspråk og at det i kontrakten vil gjelde krav til bruk av norsk språk både i prosjektgjennomføring og i øvrige korrespondansar med oppdragsgjevar og entreprenørens nøkkelpersonell.

5.3 Offentleglova

Inntil vald av leverandør er gjort kan tilbod og anskaffingsprotokoll unntakas frå offentlegheita, jf Offentleglova av 19. mai 2006 nr 16 § 23. Deretter kan kunn opplysningar i tilbod som er å sjå på forretningshemmelegheita eller taushetsbelagde personopplysningar unntas frå offentlegheita, jf offentleglova § 13 og forvaltningslova §13

Oppdragsgjevar ber om at leverandørane levere inn to versjonar; **ein usladda og ein sladda** versjon då dette vil letta og effektivisera oppdragsgjevar handtering av eventuelle krav om innsyns.

5.4 Kostnader

Leverandøren må sjølv bære alle utgifter ved deltaking i konkurranse. Deltaking i konkurranse vil ikkje på noko måte forplikte oppdragsgjevar til å inngå kontrakt med leverandøren, eller innebera økonomiske eller andre forpliktingar for oppdragsgjevar.

5.5 Avvik og atterhald

Avvik og atterhald vil bli vurdert i tråd anskaffingsforskrifta. Avvik og atterhald kan medføra avvising av tilbod, og tilbyderadne bes om å være merksam dette for å

unngå formuleringar som kan medføra avvising. Ve gjer også merksam på at avvising kan skje før eventuell dialog. Eventuelle avvik eller atterhald som leverandøren meiner er naudsynte bør derfor utforma som forslag eller innspel til eventuell forhandling.

5.6 *Alternative tilbod eller deltilbod.*

Det er ikkje mogleg til å gje alternative tilbod eller deletilbod i denne konkurransen.

5.7 *Utforminga av tilbodet*

Tilbodet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angir.

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief. (dersom fleire virksomheter deltar i fellesskap , skal det redgjørast for samarbeidsform, for eksempel om deltaking skjer i eit arbeidsfellesskap, om den eine er underentreprenør el.
- Eventuelle forpliktelseserklæringer
- Firmaattest, jf. punkt 3.1
- Kredittvurdering, jf. punkt 3.2
- Oversikt over leverandørens referanseoppdrag, jf. punkt 3.3
- CV for prosjektleder, jf. punkt 3.3
- Utfylt skjema for språkkompetanse nøkkelpersonell, jf. punkt 5.2
- Utfylt tilbodsskjema
- Utfylte beskrivelser bygg, elektro og VVS

Den leverandøren som vinn konkurransen, må i tillegg levere skatteattest.

